



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Astrid Holte, 5557 2319

Vår dato  
18.07.2014  
Dykkar dato

Vår referanse  
2013/16329 471  
Dykkar referanse

Radøy kommune  
Radøyvegen 1690  
5936 Manger

### Etterlyser avfallsplan for hamner

Vi viser til brev frå Radøy kommune 8. og 13. januar 2014 og brev frå Fylkesmannen til kommunane 5. juni 2014.

#### Manglar informasjon om kva for hamner som skal lage eigen avfallsplan

Radøy kommune har sendt oversikt over alle hamner i kommunen til Fylkesmannen, slik det er krav om i Forureiningsforskrifta § 20-6. Oversikten omfattar alle typar hamner. Fylkesmannen tar oversikten til orientering.

Oversikten manglar informasjon om kva for hamner som vert inkludert i avfallsplanen som kommunen skal lage, og kva for hamner som skal lage eigen avfallsplan. Dette er eit viktig grunnlag for Fylkesmannens oppfølging av hamner som skal lage eigen plan. Vi ber om at denne informasjonen vert sendt til Fylkesmannen **så snart som mogleg og seinast innan 1. september 2014.**

#### Etterlyser avfallsplan for hamner

Kommunen har ikkje sendt inn avfallsplan for hamner der kommunen er hamneansvarleg eller felles avfallsplan for småbåthamnene i kommunen innan fristen. Dette er pålagt i § 20-6 i forureiningsforskrifta. Forskrifta vart endra i 2013, og dette førte til at alle hamner skal sende inn avfallsplanar på nyt innan 1. juli 2014, og at planane skal godkjennast av fylkesmannen kvart tredje år. Vidare skal kommunane lage felles avfallsplan for hamner som i hovudsak tar imot avfall frå fritidsbåtar (småbåthamner). Regelverket er ei implementering av skipsavfallsdirektivet i EU, der målet er å redusere forsøpling av sjø og kyst ved at det finst gode mottak for avfall i hamnene. Miljødirektoratet har laga gode malar og rettleiarar for arbeidet, sjå vedlegg 1 til 4.

Vi vil presisere kravet til innsending av avfallsplan, og ber om at dei vert sendt til Fylkesmannen så snart som mogleg.

**Kan søke om utsett frist**

Dersom kommunen treng lengre frist for innsending av avfallsplan, kan Fylkesmannen etter søknad gje unntak frå krava i forskrifta. Vilkåret for å gje unntak er at det ligg føre særlege grunnar, og at det er forsvarleg for miljø- og tryggleik. Ein eventuell søknad må derfor gjere greie for dette, og innehalde ein framdriftsplan for arbeidet.

Med helsing

Ingrid Torsnes  
senioringeniør

Astrid Holte  
senioringeniør

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

Vedlegg 1 - Miljødirektoratet sin rettleiar for avfallsplan i hamner

Vedlegg 2 - Miljødirektoratet sin mal for avfallsplan for småbåthamner

Vedlegg 3 - Miljødirektoratet sin sjekkliste for avfallsplan i hamner

Vedlegg 4 - Miljødirektoratet sitt meldingsskjema